



Arkivnr: 2015/11453-144
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for fagskolen i Hordaland		28.09.2018

Svar på oversendingsforslag om kvalitet i undervisninga ved Nygård

Samandrag

I Utval for opplæring og helse 05.03.2018 sette Dan S. Femoen fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Det har kommet tilbakemeldinger fra studenter ved Fagskolen i Hordaland om at kvaliteten på undervisningen ved Bergen Maritime skole har blitt vesentlig svakere det siste året. Dersom dette medfører riktighet, må det tas nødvendige grep for å bedre situasjonen. Vi anmoder fagskolestyret om å ta dette opp på neste møte, og komme med en tilbakemelding til utvalg for opplæring og helse.»

Følgjande vedtak vart gjort:

Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Kvalitetsmeldinga for skuleåret 2017/18, som er det same skuleåret Femoen omtalar, syner at det er lågare tilfredsheit blant studentane ved studiestad Nygård samanlikna med skuleåret 2016/17. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga vil tilrå at kvalitetsmeldinga, saman med mål og tiltaksplan som vert lagt fram for styret 15. november, vert sendt over til Utval for opplæring og helse etter at styret har handsama sistnemnde sak. Utval for opplæring og helse vil såleis kunne få melding i møtet 27. november. Administrasjonen vil også tilrå at det ved skulebesøket hjå Fagskolen i Hordaland vert sett av ekstra tid i høve til studiestad Nygård.

Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland følgjer opp oversendingsforslaget og sender kvalitetsmelding for 2017/18, saman med mål og tiltaksplan, til Utval for opplæring og helse etter handsaming i styret 15. november.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Leiinga si vurdering - studiestad Nygård

Fylkesrådmannen, 12.09.2018

I Utval for opplæring og helse 05.03.2018 sette Dan S. Femoen fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Det har kommet tilbakemeldinger fra studenter ved Fagskolen i Hordaland om at kvaliteten på undervisningen ved Bergen Maritime skole har blitt vesentlig svakere det siste året. Dersom dette medfører riktighet, må det tas nødvendige grep for å bedre situasjonen. Vi anmoder fagskolestyret om å ta dette opp på neste møte, og komme med en tilbakemelding til utvalg for opplæring og helse.»

Følgjande vedtak vart gjort:

Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Svar på oversendingsforslag

Kvalitetsmeldinga for skuleåret 2017/18, som er det same skuleåret Femoen omtalar, syner at det er lågare tilfredsheit blant studentane ved studiestad Nygård samanlikna med skuleåret 2016/17. Studentundersøkinga av tilfredsheita med utdanningane ved Nygård er ikkje tilfredstillande for skulen i høve til dei kvalitetsmål og kvalitetskriteria som er sett for kvaliteten i utdanningane.

Trekk som går igjen ved studiestaden Nygård er at det er svært låg svarprosent ved undersøkinga, det har vore ein nedgong i studenttalet, og det er generell misnøye med inneklima i klasseromma og nokre av simulatorane. Det er også ein del misnøye med tilhøve knytt til undervisninga, men dette varierer noko frå klasse til klasse.

Administrasjonen ved opplæringsavdelinga vil tilrå at kvalitetsmeldinga, saman med mål og tiltaksplan som vert lagt fram for styret 15. november, vert sendt over til Utval for opplæring og helse etter at styret har handsama sistnemnde sak. Utval for opplæring og helse vil såleis kunne få melding i møtet 27. november. Administrasjonen vil også tilrå at det ved skulebesøket hjå Fagskolen i Hordaland vert sett av ekstra tid i høve til studiestad Nygård.

Elles syner administrasjonen til kvalitetsmeldinga som vert lagt fram for styret i same møte som denne saka (28.09.2018), der det er gjort greie for dei utfordringane som er knytt til utdanningane ved studiestaden Nygård. Leiinga si vurdering av kvalitetskriteria knytt til desse utdanningane er også lagt ved (sjå vedlegg).